

Fylkesdirektør for opplæring og kompetanse gav slikt svar:

Svar på spørsmål frå representanten Hamre (KrF) om inntak av elevar som bur i grenseområde

Svar på spørsmål om bruk av skjøn ved inntak av elevar som bur i grenseområde mellom inntaksområde ved opptak til tilbod innan vidaregåande opplæring

Opplæringsdirektøren har den 27.05.20 fått slikt spørsmål frå representant Kristina Vakt skjold Hamre:

Inntak til næraste skule når du bur i ein grensekommune

For inntak til vidaregåande skule 2020/2021 gjeld dei to tidlegare inntaksregionane, slik det går fram i saka 19/2019 frå Fellesnemnda. Det vart imidlertid fleirtal for utgreiing av ordninga for elevar i grenseområda, og deira høve til å søkje i begge fylka.

Frå sak 19/2019 (vedteke med 13 stemmer): "Dagens inntaksordningar og inntaksområde, inkludert dei ordningar som finst for ungdom i grenseområda, vert vidareført for inntak til vidaregåande opplæring skuleåret 2020/2021. Fylkesdekkande tilbod vert gjort søkbare for søkarar i heile Vestland fylkeskommune frå og med skuleåret 2020/2021. Det må utgreiast om ordninga for ungdomar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland skal utvidast til å gjelde for fleire elevar i vidaregåande skular, fram til saka kjem i oktober 2019."

Eit stort mindretal (11) hadde i same sak ei formulering som sa at "Ordningar som finst for ungdomar i grenseområda vert vidareført. For ungdomar i grenseområda mellom Sogn og Fjordane og Hordaland vert ordninga utvida til å gjelde alle ungdomar og alle vidaregåande skular i pendlaravstand."

Dette syner at fellesnemnda ønska å finne gode ordningar for elevar i grensetraktene, der det er openberre avstandsgrunnar til å kunne søke på næraste skule med aktuelt tilbod.

KrF er blitt kontakta av mor til ein søkar til vg2; kjemi- og prosessfag. Vedkomande har gått første året på Austrheim vgs. Ho har budd i Masfjorden kommune, til ho flytta ein km og over grensa til Gulen for eit halvt år sidan. Det viser seg at denne flyttinga gjer at ho no stiller bakerst i køen for å søkje på den linja ho vil på BMV i Bergen eller på Knarvik vgs., og i staden får melding om at ho må søke i Årdal.

Gulen - Årdal vil ha ei reisetid på 6-9 t kvar veg, og det vil vere krevjande endåtil å reise heim i helgene. Frå heimstaden (sør i Gulen) og til Knarvik er det under ein time reiseveg, og såleis mogeleg å pendle.

For KrF synest det unødvendig stivbeint og regelstyrt at denne eleven ikkje kan få søkje studietilbodet i Knarvik eller Bergen på same vilkår som elevar frå opptaksområdet i tidlegare Hordaland. Særleg sidan vi er eitt fylke, eleven opprinnelig høyrer til i Masfjorden, har gått første året i Hordaland, og det er ungdomane sitt beste vi må legge til grunn.

Vil inntakskontoret kunne opne opp for skjøn i dette tilfellet? Og i tilfelle ikkje, må ungdommen melde flytting tilbake til Masfjorden for at det skal bli aktuelt?

I tilfelle som her er omtala, der eleven bur i eit grenseområde, vil fylkesdirektøren bruke skjøn.

Det blir vist ekstra merksemd i behandling av enkeltsaker der næraste skule er i ein region med annan inntaksforskrift.

Året 2020 er eit overgangsår. Komande inntaksforskrift for samla inntak til vidaregåande opplæring i Vestland fylke er ikkje gjeldande før for neste skuleår. I år vidareførast dei gjeldande inntaksforskriftene innanfor dei tidlegare fylkesgrensene. Dette gjer nokre utfordringar for enkeltelevar som Vakt skjold Hamer sitt spørsmål viser.

Søklarar i dei gamle grenseområda som opplever at dei blir råka av dagens reglar, tar kontakt med fylkeskommunen på e-post og telefon. Når fylkesdirektøren handsamar slike saker er det tenleg å bruke skjøn.

Fylkesdirektøren har delegert mynde til seksjon for inntak forvaltning og sluttvurdering å sikre at elevane tas inn til opplæringstilbod i tråd med lovar, regelverk og politiske føringar.